



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1037 - 19/36476

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2019

Førebels svar på søknad om ferdigattest - gbnr 62/14 Tofting

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 62/14
Tiltakshavar: Helga og Bjørn Moe
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest 21.11.2019.


Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:


Søknad om endring av plassering og utforming av naust

Det er opplyst at naustet har endra plassering både i horisontal og vertikalplanet, at utforminga av naustet er endra og at det er etablert båtopptrekk i betong i staden for skinner slik det vart søkt om og gitt løyve til. Endringa krev at det vert søkt om endring av gitt løyve.

Faktisk plassering naust



Omsøkt naust



Vi vurderer at endringssøknaden vert omfatta av dei gjevne dispensasjonar i saka frå arealføremål, plankrav, bruk og vern av sjø og vassdrag og byggjegrænse mot sjø. Tiltakshavar må sjølv avklara med Bergen og omland havnevesen om tiltaket krev ny søknad og løyve etter hamnelova.

Kommunen kan gje mellombels bruksløyve for fritidsbustaden dersom de ønskjer det. De må då be om det og oppgje frist for innsending av ferdigattest.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.02.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen	5955	LINDÅS
Bjørn Moe	Østre Noreidbrekka 15	5252	SØREIDGREND
Helga Wigestrands Moe	Østre Nordeidbrekka 15	5252	SØREIDGREND

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen	5955	LINDÅS
-----------------------------	--------	------	--------